

Årsrapport 2016 SNO-Sogndal JOSTEDALSMBREEN NASJONALPARK



26. november 2016
Statens naturoppsyn, Miljødirektoratet
Anne Rudsengen

Føreord

Dette er sjette årsrapporten frå SNO-Sogndal til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Her er ei oppsummering av det arbeidet som SNO har gjort og vore med på i 2016 for nasjonalparken. For dei ulike tema er det sagt noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og tilrådingar vidare.

Arbeid gjennomført etter «Bestillingsdialogen» mellom SNO og nasjonalparkstyret hausten 2015 er omtalt og utkvittert i vedlagte skjema. I år var ikkje tiltakslista så lang som tidlegare år, så det er brukt meir tid på oppsyn og å møte folk i ulike delar av nasjonalparken.

Arbeidet som SNO utfører blir i stadig større grad dokumentert gjennom ulike databaser. Den elektroniske feltdagbok viser m.a. kor mykje tid som er brukt i ulike verneområde, og i Verneområdeloggen vil etter kvart alle tiltak og alle anlegg i nasjonalparken bli kartfesta og vist med bilde.

SNO-lokalt samarbeider tett med nasjonalparkforvaltninga og freistar å delta på alle styremøte til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret. I tillegg kjem andre fellesmøte og synfaringar.

Anne Rudsengen
Naturopsyn
tlf: 95963888

Framsidedfoto: Nasjonalparkforvaltar Maria C. Knagenhjelm med Tuftebreen i bakgrunn – frå oktober 2016.

Innhald

Føreord.....	1
Innhald	2
Innleiing	3
Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a	3
Kontroll og tilsyn	4
Formidling og informasjon	5
Grenseskilting og informasjonsskilting	6
Informasjon om farane ved breane	6
Registrering og overvaking	7
Registrering av besøkande	7
Registrering av tekniske installasjonar	7
Artsobservasjon – rovvilt	8
Omtale av tiltak	9
Kartlegging av funn smelta fram frå breen	9
Restaurering av kulturlandskap, Erdalen og Sunndalen	10
Restaureringsarbeid på universell utforma sti	11
Reopning av restaurerte ferdsselsstiar	11
Vedlegg:	14



Nasjonalparkstyret under synfaring i Sunndalen. Frå venstre: Einar Målsnes (Balestrand), Oddmund Klakegg (Jølster), Marius Dalin (Førde), Eline Orheim (Sogndal), Karen Marie Hjelmseter (fylkeskommunen), Venke Kollbotn (Gloppen), Maria Knagenhjelm (nasjonalparkforvaltar og sekretær for styret), Anne Rudsengen (naturoppsyn, SNO) og Ivar Kvalen (Luster, styreleiar).


Innleiing

Årsrapporten frå SNO om Jostedalsbreen nasjonalpark til styret er mellom anna meint som innspel til *Bestillingsdialogen*. Dette er ein formell plattform mellom forvaltningsstyresmakta og SNO. Med bestillingsdialogen ser ein på kva for arbeid, tiltak og prioriteringar som bør utførast i forvaltningsområdet for kvart år. SNO rapporterer om aktiviteten i inneverande år og seier noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og kjem med forslag til oppfølgingar. Dette vil då vere eitt av innspela og bakgrunnen for å stake ut kursen for neste år.


Årsrapporten gir også eit litt større bilde av arbeidet til lokal SNO utover Jostedalsbreen nasjonalpark.

Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a

Tall frå førte timar (så langt) viser at av 34 vekeverk har lokalt SNO brukt 21 veker ute i felt, inkludert transport til og frå, og 13 veker inne, inkludert møter og førebuing for feltarbeid. Til saman er det gått 633 km på ski og til fots gjennom året. Statistikken seier framleis ikkje noko om tal høgdemeter som er gått.



Tid brukt på ulike arbeidsoppgåver. NP=nasjonalpark og landskapsvernområde, VO=andre verneområde.



Tal timar SNO-lokalt har brukt i ulike verneområde i fylket. Andre SNO-are har òg brukt timeverk i nokre av verneområda.

Kontroll og tilsyn

Både SNO og nasjonalparkstyret kan på fritt grunnlag melde brot på verneforskrifta. SNO har ikkje anmeldt brot på verneforskrifta i 2016, men to saker er formidla vidare til SNO-sentralt/Miljødirektoratet for vurdering om bruk av miljøerstatning. I desse to sakene har tiltakshavar fått melding om forholdet. **Miljøerstatning** er heimla i naturmangfaldlova § 74 og er ein mildare reaksjonsform enn anmeldelse/straff. Bruk av miljøerstatning er i startfasen og er meint å bli brukt i mindre alvorlege saker for å skape respekt for regelverket og sikre at det blir reagert mot overtredelsen. I slike saker blir regelbrotet vurdert sanksjonert med miljøerstatning i staden for anmeldelse og straff. Sjå meir her:

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M617/M617.pdf>

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt

Nasjonalparken er stor, og det er umogleg å vere like godt tilstades overalt. Når det er lite oppsyn eller forvaltning i nokre område kan det bli sett i gang tiltak som skulle ha vore omsøkt. Dette gjeld gjerne tiltak som merking av nye stiar. Dette er tiltak som er **godt meint**, men likevel tiltak som er søknadspliktig. På stader der det har vore rydda og merkt tidlegare, kan ein halde fram med dette, men nokre gongar blir nymerkinga litt for mykje, feil og/eller at det ikkje blir halde ved like.

Vedlikehald av eksisterande bygningar i nasjonalparken er det direkte opning for i verneforskrifta. SNO ynskjer at det blir tydlegare kva det er opning for innafor verneforskrifta og kva det må søkast om.

Formidling og informasjon

Formidling om vern, naturforhold og liknande er ein viktig del av arbeidet til SNO. Vi synast att med SNO-logo på klede og bil noko som gjer at publikum har høve til å ta kontakt. Stateistikken i *Feltdagboka* viser at til saman 747 personar er «informert» (snakka med om nasjonalparken og liknande) gjennom tilfeldig møte ute på oppsynsturar og 188 personar gjennom føredrag og informasjonsmøte mm. Fleire av oppsynsturane og mange av turane knytt til oppfølging av tiltak er gjerne i lag med grunneigarar eller andre «brukarar» av nasjonalparken.



Den sentrale høgrepolitikaren Nikolai Astrup, i lag med foreldra sin, var tre av ei gruppe på 20 som kryssa nasjonalparken frå Befringsstøylen i Jølster til Flatbrehytta og Fjærland som SNO fekk vere turleiar for denne vakre junidagen.



Studentar på internasjonale studiar ved ulike universitet i Noreg og Sverige fekk eit natursterkt inntrykk av nasjonalparken og Flatbrehytta denne oktoberdagen.

Andre arenaer for formidling og informasjon om Jostedalsbreen nasjonalpark i år har m.a. vore representasjon på Bremuseet si 25-årsjubileum og turleiar over breen dagen etter, formidling om natur og stirestauring for studentar frå Høgskulen i Sogndal og ein gjeng med internasjonale studentar og strategimøte for vidareutvikling av Jostedalsbreen nasjonalparksenter.

Restauring av stiar ved bruk av stein har breidd om seg mange stader i landet og ettersom vi var tidleg ute i Jostedalsbreen nasjonalparken så har vi ein del kunnskap. Difor vart lokal SNO invitert til å fortelje om våre erfaringar på haustmøtet til Visit Svalbard i Longyearbyen i november der dei planlegg ei stutbetring til sitt byfjell.

Eitt tiltak som nasjonalparkstyre har sett i gang er produksjon av informasjonsfilm om nasjonalparken. Det var det lokale firmaet Capture film som fekk oppdraget og SNO lokalt har bidrege med tips om stadar å filme. SNO og nasjonalparkforvaltar i lag med fleire vart hyra inn som "filmmodellar" nokre timar i sommar då det vart filma vandring i blåisen.



"Fotomodellane" under filming på Nigardsbreen



Breisen er fasinerende å bruke til leik og mestring under trygg rettleiing

Grenseskilting og informasjonsskilting

Det er framleis under anbod/utreiing nye type grenseskilt som skal tåle vêr og vind betre. Når desse kjem vert gamle grenseskilt bytta ut når det trengst. Når det gjel informasjonsskilta så blir ikkje dei erstatta før den nye merkevarestrategien er klar til bruk.

Informasjon om farane ved breane

Det kan virke som dei nye informasjonsskilta om brefare som vart sett opp i fjor er betre enn tidlegare informasjon. Til saman står det fareinformasjon framføre ni brearmar i nasjonalparken i tillegg til den enno meir omfattande informasjonen som er gitt ved Nigardsbreen.

Alle breinformasjonsskilta har stått ute heile vinteren utan å ha tatt vesentleg skade av det. Det vil vere for arbeidskrevjande å ta ned alle slik ein ser seg nødt til å gjere ved Nigardsbreen.



Turistane gjekk ikkje lengre inn mot Bergsetbreen og Baklibreen enn til informasjonskiltet om steinsprangfare og israsfare då SNO var på oppsynstur.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Det er gitt signal frå SNO-sentralt/Miljødirektoratet, som har tolka føringane frå departementet og statsbudsjettet der det står at staten skal redusere innsatsen innan naturformidling. Viss nasjonalparkstyret ynskjer at formidling av natur bør vere på same nivå som tidlegare eller større så bør det kome som ei bestilling til SNO.

Dei blå designskilta står nokre stader kring nasjonalparken og gir relevant informasjon til dei som treng det. Nokre stader er dei noko skada eller redusert. Det bør gjerast ei vurdering for kvart informasjonspunkt om dei av tryggleikssyn skal stå eller takast ned.

Det er ein stor jobb å ha ettersyn med alle åtvaringsskilta og sperregjerda framføre ni ulike brear. Det bør avklarast om det skal vere ei fordeling av tilsynsansvaret mellom fleire.

Registrering og overvaking

Registrering av besøkande

På slutten av sommaren og utover hausten har det vore ferdselsteljar på stien til Skåla. Teljaren har stått like innanfor grensa til nasjonalparken (ca. 650 moh). Ferdselsteljaren frå Eco Counter har ein sensor som aktiverast ved varmestrålinga frå dei som passerar (passiv-infrarød pyroelektrisk teknologi). Sensoren er så kjenslevar at den òg registrerer retning, altså om personen går forbi mot høgre eller venstre. Som med mykje teknologi så kan det vere feilregistreringar og ein må rekne inn feilmargin.

Teljaren registrerte i tre månader frå 25. juli til 24. oktober. På denne tida vart det registrert 6616 inn (på veg oppover) og 6362 ut (på veg ned) av området. Feilregistreringar vert i all hovudsak lagt til ekstra på inn-registreringa så ut-tala er dei mest nøyaktige.

Ikkje overraskande var det dagen for "Skåla Opp" som hadde flest passeringar med kring 1200 passeringar kvar veg. Eitt anna funn frå teljinga er at laurdag er ein vesentleg større turdag enn søndag. Ut frå talinformasjonen kan ein kanskje lese at det er ein del tilreisane som går dagstur til Skåla på laurdag, for så å bruke søndagen på kortare tur og heimreise. Teljaren registrerer òg med nøyaktigheit ned på time, og om folk går opp (inn) eller ned (ut). Utifrå dette er det ikkje overraskande å sjå at kring halvparten passerer opp i løpet av to timar frå 09:30. Medan passeringane ned fordeler seg over eit større tidsspenn, men med ein topp ved 12-tida og ved 16-tida. Med ein retur så tidleg som ved 12-tida så tyder det på at mange ikkje går heilt opp til Skålatårnet. Sjå vedlegg x for meir informasjon.

Registrering av tekniske installasjonar

Det er frå bestillinga frå nasjonalparkstyret i år gjennomført ei systematisk kartlegging av bygningar og tekniske installasjonar på og ved Bødalseter, på Erdalsetra og Flatbrehytta. Fleire område med både bygningar, bruar og andre installasjonar står att. Dette er informasjon som ligg i verneområdeloggen som forvaltninga har tilgang til.



Alle bygningar på Erdalsetra er fotografert og registrert i år.



Også seterrekka på Bødalsetra og bygningar og bruar elles i området er lagt inn i verneområdeloggen.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Ferdselsteljaren på Skålastien i år er av den gamle typen Eco Counter der ein må laste ned detaljinformasjonen etter bruk. Den nye generasjonen teljarar kan sende data direkte til ein base viss det er tele-dekning der teljaren står, og det er då lettare å sjekke om teljarinformasjonen stemmer gjennom sommaren.

Ved mange av innfallsportane til nasjonalparken er det bomvegar og det er parkering mot betaling nokre stader. I tillegg er det fleire registreringsbøker både i opne hytter og som trimpostar på støler og fjelltoppar. Dette er tall som kan vere interessant for forvaltninga å ha ei oversikt over og kunne følgje med på. Ved innfallsportar/stiar der det er vanskeleg å skaffe informasjon om tal om ferdsla og der det er planar om tilrettelegging kan det vere aktuelt å sette opp ferdselsteljarar.

SNO vi halde fram med å registrere bygningar tekniske instalasjonar i nasjonalparken.

Artsobservasjon – rovvilt

SNO har eit ståande oppdrag på registrering av sjeldne plante- og dyreartar og svartelisteartar. Dette skal leggst inn i databasen artsobservasjon. Dette er registreringar som i liten grad er utført i Jostedalsbreen nasjonalpark. I perioden frå januar og ut vintersesongen utfører SNO bestandskartlegging av jerv. Dette blir det brukt ein del tid på kvar vinter både innanfor og utanfor nasjonalparken. Også i vinter er det område kring Fåbergstølsgrandane som er ein del besøkt av jerv i tillegg til området nord for nasjonalparken i Stryn. I vinter vart det ikkje skote jerv i nasjonalparken. Gjennom sommaren og hausten i år er det ikkje dokumentert at jerv har drepe sau i Sogn og Fjordane. Finn meir informasjon på: <http://www.rovviltportalen.no/>



Kartutsnitt frå rovbasen: Sporsymbol viser dokumentert jervespor og dna-symbol viser dna-analysert møkk-prøve frå jerv



Gode sporingsforhold denne dagen innafor Anestølen i Sogndal kommune

SNO er også med i program for nasjonal overvaking av kongørn. Nokre aktuelle område er plukka ut for intensiv overvaking. For nokre kjente reirlokaltetar er SNO-lokal involvert og desse ligg alle utanfor nasjonalparkgrensa.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Halde fram med arbeidet med bestandskartlegging av jerv. Ei meir intensiv overvaking/leiding etter andre aktuelle plante- eller dyreartar er tidkrevjande og må sjåast i samanheng med anna arbeid. Den sjeldne mnemosynesommarfuglen er kanskje den mest eksotiske arten som ein bør freista å kartlegge i nasjonalparken.

Omtale av tiltak

Kartlegging av funn smelta fram frå breen

For to år sidan vart det funne reinsdyrgevir som nyleg var smelta fram frå breen og som viste seg å vere gamle. Eitt gevir var ca. 2100 år gammalt og to andre frå 1400-1500-talet. Dette gav ny informasjon om reinen sin tidlegare ferdsel og informasjon om brehistoria. Forskar og professor ved Universitetet i Bergen, Atle Nesje, viste stor interesse for dette og det vart starta eit samarbeid mellom han, nasjonalparkforvaltninga og SNO og sett på kvar det kan vere aktuelt å leite vidare. Det vart også etablert kontakt med kulturminnestyresmakta i tilfelle ein fann framsmelta gjenstandar.

Fjoråret var veldig nedbørsrik og snøen låg så lenge utover hausten at det ikkje vart aktuelt å gjere noko omfattande søk/leit. I år har forholda vore noko betre, men heller ikkje gode nok ettersom det kom nysnø i høgda ganske tidleg. Det vart gjort eit søk i to av dei 15 utplukka områda. Dette var kring Steindalsbreen mellom Sogndalsdalen og Veitastrond og i området kring Fåbergstølsnosi i Jostedalen. Det vart ikkje gjort noko funn.



Steindalsbreen, i Sogndal kommune, er ein av mange små og "bortgøynde" brear i nasjonalparken.



Ei gruppe på fire personar gjekk "manngard" langs breane kring Fåbergstølsnosi i Jostedalen for å leite etter framsmelte spor.

Restaurering av kulturlandskap, Erdalen og Sunndalen

Inst i Erdalen i Stryn, kring Vetledalen (Vetledalseter) vart det med tilskot frå nasjonalparkstyret hogd og rydda på bøen. Det går ein del beitedyr i området, men ikkje så mykje som tidlegare så noko av utmarksbeite er i ferd med å gro att. Grunneigar Joar Tjellaug, i lag med fleire, har stått får eit godt gjennomført skjøtselsarbeid på bøen.

Like innanfor grensa for nasjonalparken i Sunndalen er det nokre mindre plantefelt med gran. Gran er eit innført og uønskt tre i nasjonalparken. Grunneigarlaget har difor tidlegare fått noko tilskot til å hogge denne grana. Dette arbeidet vart starta opp i år.

Gjennom sommaren var det synfaringar på begge bufarsvegane/kuråsene inn både Sunndalen og Erdalen. Desse stiane har tidlegare begge vore meir eller mindre tilrettelagt for å føre fram storfe. Delar av strekinga treng omfattande restaurering, medan det på andre parti er naudsynt med nye tiltak ettersom storfe i dag er tyngre og dårlegare til beins enn tidlegare. Utmarksressurs as har laga til rapportar med tilråding for tiltak og kostnadsoverslag. SNO har bistått noko undervegs.



Den gamle oppbygde stien inn mot Erdalsetra har trong for restaurering



Tiltaket for å fjerne gran er starta opp langs stien mot Sunndalsetra

Restaureringsarbeid på universell utforma sti

Den kring 300 meter lange stien inst i Kjenndalen er utforma slik at det er mogleg å kome fram med rullestol og barnevogn. Område er mykje besøkt både av bussgrupper og andre. Tilrettelegginga her er i all hovudsak utført med midlar frå forvaltninga for ein del år tilbake og med innsats frå grunneigar og drivar av Kjenndalsstova. I år vart ei mindre bru og sittebenken på utsiktspunktet restaurert.



Den vesle brua på den universelt utforma stien i Kjenndalen trengte å bli vøla før turistsesongen.



Brua er reparert med nye bord og held seg godt i ein del sesongar til.



Jens Hogrenning gjorde utbetningsarbeidet på den vesle brua (over) og ønskte at noko skulle bli gjort med det som skulle vore ein sittebenk på utsiktspunktet i Kjenndalen.



Løysinga på benken vart ein enkel trekonstruksjon utført av SNO-ar Rune Holen. På bildet nyt ein tysk turist utsikta mot Kjenndalsbreen.

Reopning av restaurerte ferdselsstiar

Nasjonalparkstyret har brukt ein del midlar på restaureringa av stiane opp Oldeskaret og Lundeskaret og SNO lokalt har brukt mykje arbeidstid. Arbeidet i felt har i hovudsak vorte utført av Utmarksressurs as, ved Ole Runar Aabrekk, og sherpaer gjennom firmaet til Geirr Vetti gjennom somrane 2014 og 2015. Offisielle reopningar var difor på sin plass i år. På turen opp Lundeskaret var NRK-Vestlandsrevyen med og innslaget kan ein sjå her: <https://tv.nrk.no/serie/distriktsnyheter-vestlandsrevyen/dkho99091616/16-09-2016#t=7m13s>



Ordførar i Stryn og nestleiar i nasjonalparkstyret Sven Flo og ordførar i Luster og styreleiar i nasjonalparkstyret Ivar Kvalen på den restaurerte stien opp til Oldeskaret.



Sven Flo står for den offisielle reopninga på stien opp mot Oldeskaret ved inngangen til den spesielle kløfta "Gløvre" kring 600 moh. Medhjelparane er eldste og yngste deltakar på turen.



Stemingsfull opning av den restaurerte stien opp Lundeskaret med felespel frå Jofrid Årdalsbakke Djupvik.



Ordførar i Jølster og styremedlem i nasjonalparkstyret Oddmund Klakegg fortalte om ferdsla mellom Jølster og Fjærland og klypte snora på toppen av Lundeskaret.

I tillegg har nasjonalparkstyre gitt tilskot til gangbrua mellom Tungestølen og Nyestølen på Veitastrand og denne vart høgtidleg opna i september av styreleiar Kvalen. Sogn og Fjordane Turlag er fadder til brua. Delar av nasjonalparkstyret var i år òg på synfaring på Skålastien og tok den lange vege heilt opp for å sjå den nybygde sikringshytta, Skålabu. Byggmeister Bjørn Vike fortalte om det krevjande byggearbeidet på den vêrutsette plassen med den flotte utsikta.



Delar av nasjonalparkstyre på synfaring på Skålastien og heilt opp til Skålatårnet i nysnøen 2.september.



Den nye sikringshytta, Skålabu, ligg fint til i terrenget litt lågare enn tårnet.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Dette året har igjen vist at nasjonalparken er mykje besøkt og mange ynskjer å gå på tur. Inntrykket er at dei største gruppene ynskjer å gå i godt merkte og tilrettelagte stiar, det vil seie at kunnskapen om å ferdast i naturen ikkje er så stor. Inntrykket er også at fottursesongen strekker seg langt utover hausten når vêret er bra.

Lokal SNO freistar å følgje opp dei dispensasjonane og tiltaka som nasjonalparkstyret bestemmer. I tillegg blir det synfaringar som gjeld ønska tiltak frå bruksretthavar eller andre.

Det er naudsynt at ein går over stiane og sjekker vaiarane og steinsettinga kvar vår/tidleg sommar. Enkelt vedlikehaldsarbeid kan utførast då, men dersom noko av fagarbeidet er øydelagt så må det utførast av kunnig arbeidsfolk. Dette kan vere ein ukjent utgiftspost.

Vedlegg:

- Utkvitterte arbeidsoppgåver frå bestillingslista i år.
- Informasjon frå Ferdsestjeljaren på Skålastien

Vedlegg:

Innspill om ønsket SNO ressurs. (Sett inn nye linjer for hvert bestilte oppdrag)							
År:	2016						
Bestiller:	Jostedalssbreen nasjonalparkstyre						
Verneområder	Prioritet (kategori 1, 2, 3)	Forankring og beskrivelse av oppdraget	Anslått tidsbruk i dagsverk	Metodebeskrivelse evnt henvisning	Rapportering (rapportformat, lagringssted for rapp., egenskapsdata ol.). Stand. rap.verktøy som Verneomrdlogg, Artsobs, Natstat, anmeldelsesbase og Rovbase skal benyttes.	Rapporteringsfrist	Rapportering
Tilsyn/kontroll	1	Halde oppsyn med at verneforskrifta vert halde i Jostedalssbreen nasjonalpark.	Fortløpande	Jf verneforskrifta		Fortløpande	ok
Tilsyn/kontroll	1	Sjå til at styrevedtak vert overhalde i dispensasjonssaker.	Ved behov	Jf vedtak	Til forvaltar, ev anmeldelsesbase	Fortløpande	ok
Naturveiledning/informasjon	1	Vere til stades ved viktige arrangement og møte folk der dei ferdast.	Fortløpande		Årsrapport	Fortløpande	ok
Naturveiledning/informasjon	1	Vere tilstades med erfaring og kompetanse på styremøte/andre møte.	Ved behov		Årsrapport	Fortløpande	ok
Tilsyn/kontroll	2	Registrere ferdsle på enkelte stader, t.d. Skålastien	Ved behov	Foto, Eco Counter	Årsrapport	Før jul	gjennomført
Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)	2	Sjå til at innfallsportar har grensemerke og at gamle skilt vert bytta ut.	Fortløpande		Årsrapport	Før jul	delvis gjennomført
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)	2	Halde oversikt over truga og framande artar i verneområdet.	Fortløpande		Verneområdeloggen, artsobs, rovbaser	Fortløpande	lite
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)	2	Registrering og bilete av faste installasjoner, t.d bruer, løveskilt, stølsområde, infotavler, etc.	Fortløpande	Foto, gps	Verneområdeloggen	Fortløpande	delvis gjennomført
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)	2	Bidra i prosessen med forvaltningsplanen	Ved behov	Diskusjonspartnar/ bidra med erfaring		Fortløpande	i møte/samtale
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)	3	Delta i prosjekt om kartlegging og innsamling av funn frå smeltande brear og isfonner	Avh av snømengd og sommarsmelting	I samarbeid med UiB og forvaltar	Årsrapport	Før jul	delvis gjennomført

